

Møteinnkalling

Utvalg: **Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen**
Møtested: Sognefjellshytta
Dato: 04.05.2015
Tidspunkt: 11:00

Viser til førebels innkalling ved e-post 20.04.2015.

Mai Bakken, Frida Melvær og Arild Ingar Lægreid har meldt forfall, og vararepresentantar er innkalla. Ivar Kvalen er møteleiar.

Bjarne Eiolf Holø og Aleksander Øren Heen har stadfesta at dei møter som vararepresentantar. Marie Helen Hollevig Brandsdal vert kalla inn for Lægreid.

Eventuelle forfall ut over dette må meldast så snart som råd på tlf. 94880564. Vararepresentant møter etter nærare beskjed.

Møtet blir på Sognefjellshytta, med slik tidsplan:

- | | |
|----------------|---|
| 11:00 | Ankomst med kaffi/te og litt biteti Harald Rune Øvstedal, Gjendebåten AS vil orientere om utviklingsplanar, med tid for spørsmål |
| Ca. 11:30-13 | Styremøte med behandling av sakene 24-29 - Orientering om arbeid med revisjon av forvaltningsplanen og planlegging av eit arbeidsmøte med styret før sommaren. |
| 13 -13:30/14 | Lunsj |
| Ca. 14 – 17:30 | Sak 30/2015 – Presentasjon v/ Dronninga Landskap AS Forprosjekt innfallsport Sognefjellet |

Dei frå Dronninga Landskap kjem frå Oslo, og vil vera på Sognefjellet ca. kl 13. Representantar for Miljødirektoratet og samarbeidspartane på Sognefjellet (Nasjonale Turistveger, Eigar av Sognefjellshytta, Oppland fylkeskommune, Lom kommune) er spesielt inviterte til presentasjonen.

Dersom vegen skulle verte stengt pga værforholda er alternativ møtestad Norsk Fjellmuseum i Lom sentrum.

Med helsing

Kari Sveen
Nasjonalparkforvaltar Jotunheimen

Saksliste

| Utvalgs- saksnr | Innhold | Lukket | Arkiv- saksnr |
|--------------------|---|--------|------------------|
| ST 24/2015 | Godkjenning av protokoll/innkalling | | |
| ST 25/2015 | Referatsaker | | |
| RS | Uttalelse - Jotunheimen nasjonalpark - Innfallsport - Besøksforvaltning | | 2014/712 |
| RS | Uttale frå Lom kommune til Satens Vegvesen - skilting mot turstig til Galdhøpiggen, Fv55 ved Røisheim - uttale ang brune skilt til nasjonalpark | | 2013/4143 |
| ST 26/2015 | Delegerte vedtak | | |
| 3/2015 | Delegert vedtak - Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel 2015 - bruk av snøskuter for utkjøring av saltsteinhaldarar/saltsteinkasser for Russdalen beitelag | | 2015/2552 |
| ST 27/2015 | Sak - Jotunheimen nasjonalpark - Filming i Jotunheimen - Visit Sognefjord | | 2015/2096 |
| ST 28/2015 | Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Område for innsamling av brearkeologiske funn og paleozoologisk materiale - Oppland fylkeskommune | | 2015/708 |
| ST 29/2015 | Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel 2015 - Transport i forbindelse med utskifting av bru over Glopåe - DNT Oslo og Omegn | | 2015/1003 |
| ST 30/2015 | Jotunheimen nasjonalpark - Besøksforvaltning - Pilot innfallsport Sognefjellshytta - Forprosjekt | | 2015/213 |
| ST 31/2015 | Eventuelt | | |

ST 25/2015 Referatsaker

Uttalelse - Jotunheimen nasjonalpark - Innfallsport - Besøksforvaltning

2014/712

Uttale frå Lom kommune til Satens Vegvesen - skilting mot turstig til

Galdhøpiggen, Fv55 ved Røisheim - uttale ang brune skilt til nasjonalpark

2013/4143

ST 26/2015 Delegerte vedtak

3/2015 Delegert vedtak - Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon -

Motorferdsel 2015 - bruk av snøskuter for utkjøring av

saltsteinhaldarar/saltsteinkasser for Rusdalen beitelag 2015/2552

Arkivsaksnr: 2015/2096-2

Saksbehandlar: Magnus Snøtun

Dato: 22.04.2015

| Utval | Utvalssak | Møtedato |
|---|-----------|------------|
| Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen | 27/2015 | 04.05.2015 |

Sak - Jotunheimen nasjonalpark - Filming i Jotunheimen - Visit Sognefjord

Forvaltar si innstilling

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen gjev etter den generelle dispensasjonsregelen §4 i verneforskrifta for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde løyve motorferdsel og droneflyging i samband med filmoppdrag til Visit Sognefjord. Løyvet er gjeve med følgjande vilkår:

- Løyve til helikopterflyging gjeld for to dagar; ein dag for filming frå helikopter og ein dag for transport av utstyr. Transporten omfattar 6 landingar.
- Det skal ikkje flygast nord for Skagstølstindane og helikopter må kome inn frå Haukåsen/Sogndal eller Årdal.
- Flyging i Hurrungane skal vere avslutta innan 22.mai 2015
- Flyginga skal ikkje skje i på fridagar eller helgedagar.
- Løyve til droneflyging i Utladalen gjeld for 1 dag frå 01.juli til midten av september 2015.
- Løyve til køyring på Vettisvegen gjeld for ein bil 1 dag inntil 3 turar av omsyn til andre brukarar og vegen sin tilstand.
- Både flyging med helikopter, med drone og køyring med bil skal ta omsyn til andre brukarar og naturmiljøet
- Statens naturoppsyn v/Rigmor Solem (mob. 959 65 158) skal ha melding om tidspunkt seinast dagen før gjennomføring.

Løyvet gjeld i høve til verneforskrift. I tillegg krevst behandling av kommunen som myndigheit etter motorferdsellova. Kvar kommune der det er planlagt landing med helikopter må kontaktast. Vidare gjeld motorferdsellova § 10, som føreset samtykke frå grunneigar.

Saksopplysningar

Dokument i saka

- Søknad per e-post datert 19.03.2015, frå Visit Sognefjord v/Ståle Brandshaug.

Søknaden skal handsamast etter

- Verneforskrifta for Jotunheimen nasjonalpark av 14. november 2014
- Naturmangfaldlova av 19. juni 2009
- Framlegg til forvaltningsplan for Jotunheimen og Utladalen frå juli 2008

Bakgrunn for søknaden

Visit Sognefjord AS er eigd av dei 9 kommunane i Sogn og om lag 200 reiselivsbedrifter i regionen. Selskapet er på vegne av kommunane og næringa ansvarleg for profilering, marknadsføring og utviklingsarbeid av regionen relatert til reiseliv, omdømmebygging og bulyst.

Vandring er eit prioritert produktområde for reiselivssatsinga i fylket og Visit Sognefjorden er med i Innovasjon Norge sitt nasjonale vandringsprosjekt. Aurlandsdalen er vald som fyrårnsrute i Sogn, men Visit Sognefjorden har også definert Jotunheimen/Hurrungane/Utladalen med Vettisfossen som eit viktig fyrårnsområde for vandring. Området skal løftast fram i arbeidet til Visit Sognefjord, der ein mellom anna har behov for nytt film- og bildemateriale til bruk i profil- og marknadsarbeidet knytt konkret til dette området.

Visit Sognefjord ønskjer å lage nytt film- og biletmateriell frå både Jotunheimen/Hurrungane og Utladalen. Falkeblikk AS er engasjert og ønskjer å bruke både helikopter og dronefilming til oppdraget. Utstyret dei bruker er profesjonelt og har høg vekt, er sensitivt og har relativt stort omfang (drona er 1,5 meter i diameter og batteri på 25 kg oppbevart i varmeboks). Skiftande ver og utfordrande landskap gjer at utstyret må fraktast inn raskt og effektivt.

Første del av søknaden (Hurrungane):

Dag 1: Flyr inntil 2 timar med vanleg helikopter og filmar frå store avstandar og inn over fjelltoppane.

Dag 2: Tre lift opp med helikopter med droneutstyr, batteri fotografar og to modellar. Filming frå toppen med drone i området inntil 3-4 timar. Etter opptak vert det retur med tre lift med folk og utstyr.

Periode: midten av april til slutten av mai.

Andre del av søknaden (Utladalen med Vettisfossen):

Dag 1: 1-2 biltransportar på Vettisvegen og filming med drone 1 dag.

Periode: midten av juni til midten av september.

Heimel

Søknaden må handsamast etter verneforskrifta for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde og etter naturmangfaldlova §§ 8-12.

I både nasjonalparken og landskapsvernområde er motorferdsel og landing med luftfartøy er forbode (verneforskriftene §3 pkt. 6.1). I forskriftene er det ikkje opna for at

forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til denne typen tiltak og søknaden må derfor behandlast etter den generelle unntaksparagrafen (§4) jf. naturmangfaldslova §48.

Flyging med drone fell ikkje inn under definisjon av motorferdsel (kan ikkje transportere personell), men kan skape forstyrning og støy. Dette krev derfor unntak frå forbodet om forureining etter §3 pkt. 7.3. Denne delen av søknaden må derfor også behandlast etter den generelle unntaksparagrafen (§4):

«Forvaltningsstyresmakta kan gjere unntak frå forskrifta dersom det ikkje strir mot formålet med vernevedtaket og ikkje kan påverka verneverdiane nemneverdig, eller dersom omsynet til tryggleik eller omsynet til vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt, jf. naturmangfaldlova § 48.»

Vurdering

For å kunne gje løyve etter den generelle dispensasjonsregelen i verneforskrifta (§4), kan ikkje tiltaket stride mot verneformålet eller verneverdiane.

Formålet med opprettinga av Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde er å ta vare på eit stort, samanhengande, i stor grad villmarksprega (nasjonalparken), vilt og vakkert (landskapsvernområde) naturområde. For Jotunheimen er blant anna villrein lista opp som verneformål, mens i Utladalen naturområde er eit rikt dyre- og planteliv ei meir generell formulering av verneverdiane. I begge verneområda skal ålmenta «...ha høve til uforstyrra naturoppleving gjennom utøving av naturvenleg friluftsliv...».

Motorferdsel er forbode i verneområdet, men i nokre høve er det naudsynt for å gjennomføre einskilde tiltak. Motorferdsel kan påverke både naturmiljøet og folk som er på tur. Likevel er påverknaden av helikopter avgrensa i rom og tid og påverkar ikkje det storslagne landskapet slik det er formulert i verneformålet.

Verneverdiane i verneområdet er i stor grad knytt til naturverdiane i området. Motorferdsel kan påverke fauna i ein sårbar fase som kalving/hekking. Rovfugl og villrein er særleg utsett.

Hurrungane er vinterbeiteområde for villreinbestanden i Vest-Jotunheimen. Søknaden er sendt over til villreinnemnda, men vart ikkje behandla i nemnda grunna misstyding. Det har vore munnleg kommunikasjon med sekretariatet for nemnda og lokalt oppsyn Einar Fortun. Denne informasjonen er lagt til grunn i behandlinga.

Generelt trekker hovudflokken med drektige simler sør-vestover mot fjellområda på sør-vestsida av Tindevegen mellom Turtagrø og Årdal i første halvdel av april. Bukkeflokkar blir ofte ståande att og trekker ned rundt Turtagrø på vårbeite. Desse flokkane er mindre utsett for forstyrning og kjem tettare på installasjonar og folk. Etter kalving på Årdalshalvøya, blir mange ståande der ute, men nokre kan trekke tilbake over Tindevegen mot Gravidalen på sørsida av Hurrungane. Dette området vart meir nytta tidlegare.

Per 23.04 i år har hovudflokken trekt over Tindevegen og er på kalvingsområde. To bukkeflokkar står att i Hurrungane; ein nord for Turtagrø som truleg etter kvart trekker nedover mot Turtagrø og Gjesingane og ein ved Skauthaugane sør for Fannaråken som både kan bli ståande i Styggedalen eller trekke meir ut over Svartefjellet. Det står

ikkje att simler på nordaust-sida av Tindevegen (§8 i nml.). To dagar med flyging og aktivitet på dei høgste toppane i området er vurdert å ikkje påverke verneverdiane.

Rovfugl etablerer seg på reir på ettervinteren og kan gjerne gjere klart fleire før dei vel eitt eller ingen. Dei har ofte fleire gamle lokalitetar å velje mellom. I Utladalen er det fleire slike som kan bli uro av blant anna droneflyging. Droner har den fordel/ulempa at dei kjem veldig tett på objekt og dette kan vere ekstra forstyrrande for hekkande rovfugl. Men dersom droneflyginga i Utladalen unngår hekkelokaliteten, vert det vurdert at dette ikkje påverkar verneverdiane. Ein til to turar på Vettisvegen med bil/motorisert køyretøy, vert vurdert å ikkje påverke verneverdiane.

Det vert vurdert at omsøkt tiltak ikkje er i strid med verneformålet eller verneverdiane og at den generelle dispensasjonsregelen kan brukast.

Etter å ha vurdert om ein kan gje dispensasjon til omsøkt tiltak etter §4, skal forvaltninga skjønsmessig vurdere om ein vil gje løyve. I forvaltningsplanen (framlegg frå 2008) er motorferdsel i samband med media omtala: «*Løyve til transportoppdrag for mediaformål må vurderast konkret. I utgangspunktet vil berre tiltak som kan knytast saman med innhaldet i formålet med vernet, som til dømes opplysningsfilmar med opplæring/undervising som formål, bli gjeve. Reklamefilming skal leggjast utanom verneområda. Det same bør gjelde for spelefilmar o.l.*».

I 2012 vart det lagt fram ein nasjonal reiselivsstrategi som blant anna seier: «*Gjennom særlig tilretteleggelse for bruk av naturen som innsatsfaktor i reiselivsproduktene kan vi sikre at ferdselen og opplevelsene i naturen ikke går på bekostning av miljøhensyn. Regjeringen vil legge bedre til rette for utvikling av reiselivsprodukter i tilknytning til store verneområder...*»

Dette er eit filmoppdrag som skal gje biletmateriell til reiselivsnæringa for blant anna marknadsføring av vandring som reiselivsprodukt i Sogn. Det er ein stor fordel at destinasjonsselskapet organiserer slikt oppdrag og at det er knytt til eit overordna prosjekt. Då unngår ein at einskildselskap utfører tilsvarande oppdrag. Dette skil seg også frå t.d. einskildoppdrag som skal dokumenterast. Sjølv om dette er tiltak knytt til å ta bilete, er dette tiltaket knytt til reiselivet. Marknadsføring av destinasjonen kan ikkje leggjast andre stadar.

Hurrungane er eit område med sårbar natur og sårbart naturmiljø. Det er viktig at reiselivet er bevisst at dette er ikkje eit område for masseturisme. I forvaltningsplanen er dette skild ut som eit verneområde som liten grad skal ha tilrettelegging for friluftsliv. Det er likevel ei forståing for at det spektakulære fjellområde har ei tiltrekkingskraft og blir nytta i marknadsføringa av destinasjonen Sogn. Med fokus på godt tilrettelagt vandring i Utladalen med innsyn i Hurrungane, kan det vere med på å få fleire til å oppleve verneområde på ein positiv måte, noko som skapar forståing for vernet.

Det er betre at ein nyttar helikopter og gjennomfører tiltaket på ein effektiv måte enn meir omstendelig prosjekt med t.d. skuter (§12 i nml.). For å hindre unødig forstyrring av bukkeflokkane, vert det sett vilkår om å unngå flyging nord for Skagadalsryggen og at ein kjem inn med helikopter frå Haukåsen/Sogndal eller Årdal (unngår Turtagrø som landingsbase) (§9 i nml.). For å unngå unødig påverknad på andre folk som nyttar området, vert det sett vilkår om å unngå helg og fridagane i mai som er store utfartstider her.

For å unngå å forstyrre moglege hekkande rovfugl i Utladalen, vert det sett vilkår om gjennomføre drondeflyginga etter hekkinga er ferdig (§9 i nml.). Også her er det andre brukarar som det må tas omsyn til, både langs Vettisvegen og vidare opp ved Vettisfossen. Vettisvegen er ein naturveg og ikkje trafikk med personbil. Køyning på vegen må skje forsiktig på grunn av andre brukarar og på grunn av at vegen er smal og svingete. Løyvet er derfor avgrensa til ein bil med inntil 3 turar.

Hurrungane er i forvaltningsplanen definert som eit verneområde som kor forvaltningsmyndigheitene skal vere særleg restriktive med tilrettelegging og motorferdsel. Det er og skal ikkje vere mange slike tiltak i dette området. Den samla belastninga på område skal vere liten, men med vilkåra som blir sett er det vurdert at det er akseptabelt (§10 nml.)

§ 11 i naturmangfaldslova er vurdert som ikkje relevant i denne saka.

Arkivsaksnr: 2015/708-6

Saksbehandlar: Kari Sveen

Dato: 24.04.2015

| Utval | Utvalssak | Møtedato |
|---|-----------|------------|
| Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen | 28/2015 | 04.05.2015 |

Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Område for innsamling av brearkeologiske funn og paleozoologisk materiale - Oppland fylkeskommune

Forvaltar si innstilling

Justering av tidlegare gjeve løyve i sak 7/2015 når det gjeld innsamlingsområde:

Oppland fylkeskommune v/Kulturarveininga får med heimel i verneforskrifta § 3, punkt 4.1 dispensasjon for uthenting av arkeologiske funn og paleozoologisk materiale i Jotunheimen nasjonalpark.

Løyvet blir gjeve for å auke kunnskapen om kulturminna og bevare funna for ettertida, og Nasjonalparkstyret ber om tilbakemelding i form av ein kortfatta rapport som viser kva funn som er gjort i medhald av dette løyvet innan verneområdet.

For vurdering i høve til verneforskrift og prinsipp i naturmangfaldlova viser ein til det som ligg i sak 7/2015.

Saksopplysningar

Saka gjeld behov for justering av tidlegare gjeve løyve til innsamling av brearkeologiske funn og paleozoologisk materiale. Dette vart ved ei misforståing avgrensa til eit område der det også var snakk om bruk av helikopter. Kulturarveininga i fylkeskommune fekk i sak 7/2015 den 19.02.2015 løyve til følgjande:

«Oppland fylkeskommune v/Kulturarveininga får med heimel i verneforskrifta § 3, punkt 4.1 dispensasjon for uthenting av arkeologiske funn og paleozoologisk materiale i

området rundt Nørdre Trollsteinhøe for å auke kunnskapen om kulturminna og bevare funna for ettertida.

For effektiv gjennomføring av det brearkeologiske sikringsprogrammet blir det med heimel i verneforskrifta § 4, jf naturmangfaldlova § 48, gjeve løyve til bruk av helikopter for inntil 2 turar årleg på seinsommar/haust i 2015-2016.

Dato for helikoptertransport skal seinast dagen før varslast til SNO v/ Rigmor Solem på Mobilnr. 959 65 158 eller e-post rigmor.solem@miljodir.no.

Nasjonalparkstyret ønskjer å få tilbakemelding i form av ein kortfatta rapport som viser kva funn som er gjort, dato for helikopterbruk og ein oversikt som listar opp antal og type funn som blir frakta ut av verneområdet.»

Søklar viser ved e-post av 27.03.15 til ei misforståing når det gjeld løyvet som er gjeve: «Takk for mottatt brev om innvilget dispensasjon for NP-forskriftene.

Jeg tror det må ha oppstått en misforståelse i forbindelse med at det ble søkt spesifikt om bruk av helikopterløft til Nørdre Trollsteinhøe. Dispensasjonssøknaden for innsamling av funn var ment å gjelde hele nasjonalparken (den del som ligger i Oppland), mens søknaden om helikopterløft var spesifikt rettet mot Nørdre Trollsteinhøe, siden det er det foreløpig eneste sted, hvor det er gjort så mye funn at det er mest hensiktsmessig med en mer langvarig undersøkelse på stedet. Det er imidlertid gjort enkeltfunn flere andre steder.

Slik det står nå så har vi fått innvilget dispensasjon for sikring av brearkeologiske funn kun i en del av NP og det er ikke så hensiktsmessig for vårt arbeid. Er det mulig å få løst dette, slik at vi kan få en generell dispensasjon for hele Opplands del av Jotunheimen, av samme type som vi har i de øvrige nasjonalparker?»

Vurdering

Grunnlag for misforståinga er at søknaden om bruk av helikopter omfatta det utilgjengelege området ved Trollsteinhøe, og dette vart av saksbehandlar oppfatta slik at innsamlingane også var konsentrert til dette området. Sjølv om innsamlingsområdet vert utvida til å gjelde heile nasjonalparken, vil det ikkje endre vurderingar eller konklusjon i sak 7/2015. Det er ikkje grunnlag for å unnlate å samle inn kulturminne i delar av parken, da det ikkje vil ha nokon særskild verdi å la dei bli liggjande og forvitre når det smeltar fram frå brear og fonner. Med innsamling kan ein innhente kunnskap, og bevare funna for ettertida.

For vidare vurdering viser ein til det som ligg i sak 7/2015, og tilrår utviding av godkjenninga til å omfatte heile den delen av nasjonalparken som ligg i Oppland.

Arkivsaksnr: 2015/1003-5

Saksbehandlar: Kari Sveen

Dato: 30.03.2015

| Utval | Utvalssak | Møtedato |
|---|-----------|------------|
| Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen | 29/2015 | 04.05.2015 |

Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel 2015 - Transport i forbindelse med utskifting av bru over Glopåe - DNT Oslo og Omegn

Forvaltar si innstilling

DNT Oslo og Omegn får med heimel i verneforskrift for Jotunheimen nasjonalpark endra løyve til nødvendig motorferdsel for fullføring av arbeidet med utskifting av øydelagt bru over Glopåe, i tråd med tilråding etter rekognosering i mars 2015.

Løyvet omfattar følgjande:

- Bruk av helikopter med heimel i verneforskrifta § 3 pkt 6.3.f) for å frakte ut gamle brurestar som er samla opp og klargjort for uttransport frå området ved Tjørnholåe.
- Helikoptertransport av to klopper fra Tjørnholåe til Glopåe, jf. verneforskrifta § 3 pkt 6.3.f).
- Innkjøring av mannskap med båt tur/retur Russvassosen for utføring av arbeidet. Heimel: verneforskrifta § 4, jf naturmangfaldlova § 48.

Det er ein føresetnad at tiltakshavar legg til rette for at samla motorisert transport blir redusert til eit minimum. Helikoptertransporten er planlagt i midten av juni.

Dato for transportane skal varslast til SNO v/ Rigmor Solem seinast dagen før (mobilnr. 959 65 158, eller e-post rigmor.solem@miljodir.no)

Tiltaket er oppfølging i samband med utskifting av øydelagt brukonstruksjon, og vert vurdert å vera i samsvar med forslag til forvaltningsplan for Jotunheimen nasjonalpark (2008), og blir ikkje vurdert å gje negative konsekvensar for naturmangfaldet.

Løyvet gjeld i høve til verneforskrift. I tillegg krevst behandling av kommunen som myndigheit etter motorferdsellova. Vidare gjeld motorferdsellova § 10, som føreset samtykke frå grunneigar.

Saksopplysninger

Saksdokument

Søknad/e-post av 23.03.15 frå DNT Oslo og Omegn v/Thomas With.

DNT Oslo og Omegn fekk i sak 8/2015 løyve til nødvendig bruk av snøscooter for transport i samband med utskifting av øydelagt bru over Glopåe, nord for Russvatnet. Løyvet gjaldt for to turar i mars/april 2015.

I e-post 23.03.15 blir det søkt om endra løyve, for bruk av helikopter og båt. Dette etter utført rekognosering og transport i medhald av løyve gjeve i sak 8/2015, der leigekjører Vidar Rugsveen frå Vågå har vore inne på brustaden og gjort vurdering av situasjonen.

DNT skriv følgjande i endringssøknaden:

«Anbefalingen er å flytte brustedet ned til midt i mellom eksisterende brusted og det gamle råket. Her sprer elva seg i flere løp. Til dette nytter vi to klopper som ble produsert i fjor, og ligger ved Tjørnholåi. Dette er lette konstruksjoner i tre som en mann kan håndtere på egenhånd.

Med denne løsningen vil det ikke være aktuelt med flere skuterturer for å gjøre bruarbeid ved Glopåe, forutsatt løyve til bruk av helikopter i forbindelse med annet arbeid ved Russvatnet. Nedover Tjørnholåa ligger det gamle brurester som må ryddes opp og kjøres ut. Dette er til dels lange, forvridde deler som ikke lar seg kjøre med skuter. Disse er samlet sammen og klargjort for frakt.

Vi søker herved nasjonalparkstyret om bruk av helikopter for å frakte ut gamle brudeler fra Tjørnholåa. Frakten er planlagt til midten av juni. Utkjøring med bil er ved saueoppsamlingen nederst i Russdalen. I den forbindelse søker vi om å fly inn to klopper fra Tjørnholåe til Glopåe. Mannskap inne på Glopåe kjører båt tur retur Russvassosen. Estimerte turer er en tur fra Tjørnholåe til Glopåe med klopper. Og en tur fra Tjørnholåe til saueoppsamlingen nederst i Russdalen med jernskrot.»

Vurdering

Nødvendig motorferdsel knytt til utskifting av bru vert vurdert i høve til verneforskrift og forvaltningsplan (utkast 2008). Forvaltningsplanen er ikkje oppdatert etter revidert verneforskrift som vart godkjend av Kongen i Statsråd 14.11.14, men blir nytta som rettleiande dokument.

§ 3 pkt. 6.1 set forbod mot motorferdsel:

«Motorferdsel er forbode på land og vatn, medrekna start og landing med luftfartøy, og lågtflyging under 300 m over bakken.»

6.3 Forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til:

f) Bruk av beltekjøretøy på vinterføre eller luftfartøy for transport av materialar til vedlikehald og byggearbeid på bygningar, bruer, anlegg og innretingar.

Bruk av båt til formålet er ikkje nemnd som eige punkt, slik at den generelle heimelen må nyttast når det gjeld søknad om båt for transport av mannskap til utføring.

§ 4 Generelle dispensasjonsreglar

Forvaltningsstyresmakta kan gjere unntak frå forskrifta dersom det ikkje strir mot formålet med vernevedtaket og ikkje kan påverka verneverdiane nemneverdig, eller

dersom omsynet til tryggleik eller omsynet til vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt, jf. naturmangfaldlova § 48.

Tiltaket vert vurdert å vera i tråd med forslag i forvaltningsplanen, som opnar for tilrettelegging for ferdsel gjennom merking av stigar, og opning for å gje løyve til bygging av nye bruer «*langs T-merkte stiar der dette er naudsynt*». Bruk av båt inngår ikkje i definerte formål som forvaltninga kan gje løyve til, og blir behandla etter den generelle dispensasjonsregelen gjeve i § 4, jf. naturmangfaldlova § 48.

Søknaden er også vurdert etter naturmangfaldlova §§ 8-12:

- § 8 Kunnskapsgrunnlaget: Det er god kunnskap om området, og motorferdsla er avgrensa til eit par turar. Utsifting av øydelagt bru blir ikkje vurdert å gje negative konsekvensar for naturmangfaldet.
- § 9 Føre-var prinsippet: Tilrettelegginga skjer i brukssone, og ein kan ikkje sjå at dette vil gje merkbar meirbelastning på naturmiljøet. Tiltaket gjev noko støy over eit kort tidsrom, men ein kan ikkje sjå at dette vil gje vesentleg belastning på naturmiljøet.
- § 10 - Økosystemtilnærming og samla belastning: Forvaltningsstyresmakta følgjer ein generelt streng praksis i høve til motorferdsel. Samla belastning blir vurdert som akseptabel, og nytteverdi er større enn ulempene.
- § 11 - Kostnadene ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar: Spørsmålet vert vurdert ikkje relevant.
- § 12 - Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetode: Etter synfaring på staden er det vurdert slik at delane av den gamle brua er slike at det vert vanskeleg med snøscootertransport. Bruk av helikopter er vurdert som mest mogleg effektiv transport ut. Transporten bør samordnast med øvrig helikoptertransport i regi av DNT, slik at samla motorferdsel vert redusert til eit minimum. Det vil vera ein fordel om transporten kan utførast på vekedag og ikkje i ei helg; dette av omsyn til friluftslivet.

Bruk av båt på Russvatnet gjev lite meirbelastning i høve til ferdsla som er direkte heimla i forskrifta § 3 pkt 6.2. h) og j), og kan samanliknast med tiltak som det kan gjevast løyve til i medhald av § 3 pkt 6.3.f)

Arkivsaksnr: 2015/213-47

Saksbehandlar: Kari Sveen

Dato: 28.04.2015

| Utval | Utvalssak | Møtedato |
|---|-----------|------------|
| Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen | 30/2015 | 04.05.2015 |
| Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen | 38/2015 | 11.05.2015 |

Jotunheimen nasjonalpark - Besøksforvaltning - Pilot innfallsport Sognefjellshytta - Forprosjekt

Forvaltar si innstilling

- Nasjonalparkstyret vert inviterte til å koma med synspunkt på dei ulike elementa i forslag til tilrettelegging som blir presentert i møtet. Oppsummering av diskusjon:
 -
 -
 -
- Synspunkta frå nasjonalparkstyret vert tekne med i det vidare arbeidet, der nasjonalparkforvaltarane må samarbeide tett med Miljødirektoratet fram mot detaljprosjektering for å finne ut kva det er mogleg å få inn i det endelege prosjektet innan den økonomiske ramma direktoratet har for pilotsatsinga. Detaljprosjektet skal spegle den nye merkevarestrategien for dei norske nasjonalparkane. Vidare må det vera tett dialog med eigar av Sognefjellshytta, Nasjonale Turistveger og Oppland fylkeskommune for å tilpasse tilrettelegginga til det som er etablert på staden.
- Detaljprosjektet vert lagt fram for styret før ein definerer endeleg innhald i utgåande tilbod for utbygging. Etter planlagt tidsskjema skal detaljprosjekt liggje føre 1. juni.


Saksopplysningar

Dronninga Landskap vart vald til utarbeiding av forprosjekt innfallsport Sognefjellet, og vil presentere sitt forslag til tilrettelegging for nasjonalparkstyret i møtet 4. mai.

Forslaget bygger på mogleighetsstudien utarbeidd av Asplan Viak, som danna grunnlaget for lokalisering av pilot-innfallsporten ved Sognefjellshytta, sjå sak 46/2014.

I tilrettelegginga inngår ei mest mogleg universelt tilrettelagt rute for ein kort tur rundt Fantesteinvatnet. Sjå vedlagt planskisse og snitt som viser prinsipp for planlagt tilrettelegging. Det mest utfordrande er brua over til sørsida av vatnet, men dette er samstundes det elementet som i størst grad vil synleggjera prosjektet og vekkje interesse hos dei vegfarande for å ta ein stopp der det er enkelt å koma ut i naturen.

Innfallsporten skal ha informasjon av høg kvalitet med bruk av den nye designprofilen:




Det vil vera eit mål å skape nysgjerrigheit og ønskje om å besøke også andre delar av nasjonalparken og regionen elles på begge sider av Sognefjellet.

Vurdering










Pilotprosjektet har ein svært stram framdriftsplan, og med leveringsfrist i april har det ikkje vore mogleg med synfaring i området i løpet av forprosjektfasen pga årstida og snøsituasjonen. Design av skiltssystem var heller ikkje ferdig, slik at Dronninga Landskap her har arbeidd parallelt med utviklinga av merkevaren. Alle teikningar i forprosjektet er dermed av prinsipiell karakter. Forprosjektet må derfor stadtilpassast i det vidare arbeidet, og landskapsarkitektane legg til grunn at det under utføringa må det vera ein høg grad av tilpassing på staden. Detaljert innhald av forprosjektet blir presentert av landskapsarkitekt frå Dronninga Landskap den 4. mai.

Førebels kostnadsoverslag blir nærare drøfta etter den samla presentasjonen av forprosjektet. Enkelte deltiltak her ligg utanom det som naturleg fell inn under nasjonalparkstyret sitt ansvarsområde, så her må ein sjå nærare på ansvarsforhold og kva ein skal prioritere innan kostnadsramma. Dette gjeld m.a. tryggare tilrettelegging av gangvegen langs Fantesteinvatnet, som er ein etablert gangveg som samstundes vil verta ein del av rusleturen rundt vatnet frå Sognefjellshytta.

Samarbeidet med dei andre aktørane på plassen vi vera med og gje føringar for prosjektet, og sidan dei ikkje har sett forprosjektet før nå, vil det truleg vera nyttig med ei ny oppdatering overfor styret i form av eit notat når fleire av brikkene er på plass.



TEGNFORKLARING


| | |
|---|---------------------------------------|
|  | Hus |
|  | Oppmerket hoved tursti- ekseliserende |
|  | Oppmerket hoved tursti- ny |
|  | T-merket tursti |
|  | Siti med universell tilrettelegging |
|  | Bordgangbru |
|  | Lav mur |
|  | Skilt Norges nasjonalparker |
| MØBLERING | |
|  | Møbler tre/metall/stein/landre typer |
|  | Møbler nasjonale turistveier |




Prosjekt: Inntallsport Jotunheimen
LANDSKAPSPLAN

Oppdragsgiver: Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen
 Fase: Skissefase
 Dato: 27.04.2015
 Målestokk: 1:1000 (A1)


Utarbeidet av:
DRONNINGALANDSKAP
 Adresse: Dronningens gate 22 N-0154 Oslo
 Tlf: +46 40626422




PRINSIPSNITT A-A' Stien tilpasses med lav støttemur der det er nødvendig




PRINSIPSNITT B-B' Gangsti langs veg med beskyttende kant mellom gående og kjørende



PRINSIPSNITT C-C' Bordgang langs knaus på enden av øya



PRINSIPSNITT D-D' Opphevet gangsti over til øya



PRINSIPSNITT D-D' Bordgang som alternativ til opphevet gangsti

PROSJEKT: PROSJEKTERING AV INNFALLSPORT JOTUNHEIMEN NASJONALPARK**TEMA: SKILDING AV FORPROSJEKTET****DATO: 27.4.2015****INNLEIING**

På vegne av vår oppdragsgjevar Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen har vi utarbeida plan for innfallsport til Jotunheimen nasjonalpark, plassert i nærleiken av Sognefjellshytta. Arbeidet med forprosjektet er utført i tidsrommet mars-april 2015.

UTGANGSPUNKT OG STADTILPASSING

Forprosjektet er utarbeida på grunnlag av kart, tilsendte foto og moglegheitsstudien datert 10.12.2014, utarbeida av Asplan Viak. Årstida og snøsituasjonen har ført til at vi ikkje har vore og synfart i området i løpet av forprosjektfasen. Alle teikningar i forprosjektet har derfor ein prinsipiell karakter. Forprosjektet må derfor stadtilpassast i det vidare arbeidet. Under utføringa må det utførast ein høg grad av tilpassing på staden.

TILGRENSANDE PROSJEKT

Statens vegvesen har eit Nasjonale turistveger-prosjekt i samband med Sognefjellshytta (mellombygg, infopunkt og toalett). Turistvegprosjektet omfattar området nær/rundt Sognefjellshytta og parkeringsområdet. Desse to prosjekta grensar opp mot kvarandre, samtidig som dei skal framstå som sjølvstendige delar. For den vidare prosessen er det viktig at dei to prosjekta sjåast på i samanheng, slik at det blir ein naturleg overgang mellom dei, og dei kan forsterke kvarandre.

PROGRAM OG TILRETTELEGGING

I moglegheitsstudien er det lagt opp til parkering, informasjonspunkt og toalett ved Sognefjellshytta. Turvegar og -stiar i alle retningar har utgangspunkt i dette området. Det er lagt til rette for ein universelt utforma gangvegrunde via ei bru over Fantesteinsvatnet, slik at det er mogleg å gå ein liten runde inn i nasjonalparken på om lag 1 km. Frå denne runden er det lagt opp til ein utvida runde (+0,8 km) som ikkje er universelt tilrettelagt. Til desse rundane vil det bli knytt opp ulike skilt og informasjon undervegs. Det var foreslått ein rasteplass på sørsida av Fantesteinsvatnet i tillegg til ein nedanfor Sognefjellshytta.

UTFORMING AV GANGVEGEN (UNIVERSELL UTFORMING)

Den universelt utforma gangstien rundt Fantesteinsvatnet skal følgje eksisterande terreng så smidig som mogleg, slik at det blir minimalt behov for konstruksjonar. Vegen er teikna inn med breidde 1,6 meter, men breidda vil kunne variere frå 1-2 meter, avhengig av situasjonen på staden. Vegen skal ha stigning slakare enn 1:20, men stigninga kan vere opptil 1:12 over kortare strekningar. For å få denne breidda, må vegen truleg stadvis byggast opp på sidene med stein, helst med lokalt opphav. Vegen bør leggast slik at det ikkje blir behov for rekkverk, dvs at høgdeskilnaden mot eksisterande terreng er under 0,6m. På to strekningar må det inn konstruksjonar, og dei er omtalt i eigne punkt. Vegen opparbeidast med stabilisert grusdekke av knuste masser, med einssidig fall eller takfall. Det vil vere enkelt og godt synleg tilkomst til turvegen frå mellombygget til Sognefjellshytta. Frå parkeringsplassar for rørslehemma som ligg aust for hytta vil det vere slak tilkomst til turvegen.

LÅG STEINMUR LANGS VEGEN

Nord for Fantesteinsvatnet vil turvegen følgje parallelt med riksvegen. Ein låg, tosidig steinmur mellom bilvegen og turvegen vil vere eit fysisk skilje mot biltrafikken på denne strekninga. Muren kan forlengast til aust for innkøyringa til Sognefjellshytta, slik at den kan stramme opp ut- og innkøyringa samstundes. Dette vil kunne virke som eit fartsreducerande tiltak, samtidig som det ryddar opp i trafikksituasjonen.

RASTEPLASSAR

Det leggast opp til to rasteplassar langs runden: Den største ligg nedanfor Sognefjellshytta og er godt synleg frå parkeringsområdet, med god utsikt mot Fantesteinsvatnet. Vi foreslår at desse plassane opparbeidast med plass-støpt betongdekke, gjerne med lokalt tilslag, kombinert med naturgrus i opne felt i midten. Plassen avgrensast av lokal stein som nyttast som terrengmur og kan fungere som sittekanter. Elles kan plassen møblerast 2-3 bord og tilhøyrande benkar.

Den andre rasteplassen på sørsida av Fantesteinsvatnet har same type utforming og innhald. Det vil vere informasjonsskilt ved rasteplassane.

Rundt Sognefjellshytta foreslår vi at det settast ut betongkrakkar (3 stk) som tilhøyrrer Nasjonale turistveier, på eigne underlag av betong, etter mønster frå Nasjonale turistveger.

KONSTRUKSJONAR

På den søndre delen av odden er fjellet bratt og ujamnt. Det vil vere behov for ein konstruksjon for å få fram ein universelt utforma gangveg her. Vi foreslår ein bordgang (av metall) som kan festast til fjellet, med enkelt rekkverk som sikrar mot fall. Bordgangen må konstruerast for påkjenningane på plassen og gjennom året.

Ved kryssinga av Fantesteinsvatnet har vi gått ut frå at det må leggest til rette med bru. Vi kjenner ikkje vassdjupna her, og har gått ut frå at det bør leggest til rette for ei bru i eitt spenn (ca 33m) over vatnet. I detaljplanfasen må ein finne ut av korleis ho skal dimensjonast og korleis ho skal utformast. Brua ligg fint plassert for å kunne bli eit attraktivt blikfang frå Sognefjellshytta og parkeringsområdet, og frå riksvegen frå begge retningar.

MATERIALBRUK

Det bør nyttast lokale material til opparbeidinga av turvegen og tilhøyrrande konstruksjonar, i størst mogleg grad. Veggen byggast i størst mogleg grad av lokal/kortreist stein og grus. Plassane støypast av betong med lokalt tilslag. Bordgangen og brua foreslår vi utførast i stålmaterial for å få det stabilt og slankt. Dette kan vere til dømes ein blanding av galvanisert stål og cortenstål, som har ei rusta overflate. Cortenstål framstår som eit «naturmateriale» som kan passe godt saman med natur. Vi foreslår å bruke møblar som kan stå ute i årevis og bli prega av naturkreftene: bord og benkar av stein, betong eller massivt treverk er å foretrekke. Det skal settast opp skilting som følgjer opp skiltprogrammet for nasjonalparkane, initiert av Miljødirektoratet. Skilt av naturstål vil vere eit fint innslag i dette området.

LANDSKAPSREPARASJON

Området rundt Sognefjellshytta og i den vestre enden av Fantesteinsvatnet ber preg av utfylte grusområder, som framstår som sår i landskapet. Vi foreslår at desse såra reparerast, ved at ein del av dei overflødige grusmassene kan nyttast til opparbeidinga av gangvegen.

SIKRING AV LOKAL VEGETASJON

Området ligg over 1400 moh, dvs over tregrensa, og har bare låg vegetasjon. Det er truleg lite jordsmonn, men dette er verdifullt å ta vare på, sidan jorda truleg inneheld frø og planterestar. Alle lausmasser må derfor takast vare på under arbeidet, og nyttast til reparering etter inngrep etterpå. Etter ei tid så vil plantedelane og frøa kunne spire frå desse massene. På denne måten kan ein reparere med bruk av stadeigen vegetasjon, og tilbakeføre områda til naturen.

For Dronninga landskap AS



Ragnhild Momrak
Dagleg leiar